

Generalistkommune og oppgavedifferensiering

Tre innlegg

av

Anne Lise Fimreite

Yngve Flo

Jacob Aars

Stein Rokkan senter for flerfaglige samfunnsstudier
Universitetsforskning i Bergen
Desember 2002

Notat 23-2002

Innhold

Forord	iii
Sammendrag.....	iv
Summary.....	v
Yngve Flo: Generalistkommunen i eit historisk perspektiv	7
Eit spadetak ned i kommunehistoria.....	9
Grenser for generalistkommunen.....	11
Grenser for generalistkommunesystemet.....	14
Ambisjonar om å skape eit generalistkommunesystem.....	16
Gjennomslag for generalistkommunesystemet.....	16
Anne Lise Fimreite: Framtidens kommune(r). Ulike «kommune-scenarier» som følge av eventuelle endringer i forvalningsstruktur, kommunestruktur og oppgavefordeling.....	21
Innledning.....	21
Fra forvalnings- til effektueringskommune	21
Framtidens generalistkommune.....	26
Regionsenterkommuner.....	26
Den lokalistiske kommunen.....	27
Jacob Aars: Oppgavedifferensiering og kommuneinstitusjonens legitimitet.....	29
Innledning.....	29
Oppgavedifferensiering: Hvordan kan det forstås?.....	29
To-modellsystem eller flermodellssystem?	30
Hva skal til for at generalistkommuneprinsippet brytes?.....	31
Hva betyr det at en kommune har ansvaret for en oppgave?	32
Muligheten for A- og B-kommuner	32
Hvordan fastlegges oppgavefordelingen i et differensiert system?.....	33
Kommunene bestemmer selv: Staten delegerer ansvaret for oppgavefordelingen	34
Folket bestemmer: Lokal folkeavstemning.....	35
Staten bestemmer: Oppgavefordelingen skjer etter sentralt fastlagte kriterier	35
Ulike kombinasjoner av de ovenstående.....	36
Mulige konsekvenser av differensiert oppgavefordeling	37
Konsekvenser for finansieringssystem	37
Konsekvenser for lovgivning.....	38
Konsekvenser for folkevalgt styring lokalt.....	38
Oppsummering.....	40
Litteratur.....	42

Forord

På oppdrag fra Kommunalavdelingen i KRD ble forskere fra Demokrati- og kommune-forskningsgruppen ved Rokkansenteret bedt om å lage en presentasjon der vi diskuterte det norske generalistkommunesystemet og en eventuell oppgavedifferensiering. Undertegnede tok på seg oppdraget i fellesskap, og vi har samarbeidet om å utvikle innholdet i presentasjonen. Innleggene støtter seg således i stor grad på hverandre. De enkelte fordragene har vi imidlertid forfattet hver for oss, så teksten står derfor for de respektive forfatteres regning.

Presentasjonen ble holdt for departementet torsdag 5. desember 2002. De foredragene som er trykt i dette notatet er lettere omarbeidet i etterkant. Vi vil takke professor Per Selle for innspill og kommentarer i forkant av presentasjonen.

Bergen, desember 2002

*Yngve Flo
Stipendiat Rokkansenteret/
Historisk institutt, UiB*

*Anne Lise Fimreite
forsker*

*Jacob Aars
forskningsleder*

Sammendrag

I notatets første foredrag (av Yngve Flo) skiller det mellom en generalistkommune og et generalistkommunesystem, og disse to fenomenene blir drøftet i en historisk sammenheng. Fremstillingen slutter ved etterkrigstidens sosialdemokratiske idealkonstruksjon, forvaltningskommunen, der generalistkommunens samordningsfunksjon var et sentralt element.

I det andre foredraget (av Anne Lise Fimreite) drøftes den nyere tids kommunalpolitiske utvikling, og enkelte scenario – gitt at Norge også i fremtiden holder fast ved et generalistkommunesystem – blir presentert. Et hovedpoeng er at generalistkommunen i nyere tid synes å ha fått sin viktigste funksjon gjennom det som best kan defineres som en negativ handlefrihet: Det er kommunens oppgave å tilpasse kravene fra innbyggerne og en dårlig samordnet stat; krav som samlet sprenger de kommunale ressursrammer, til virkeligheten.

I det tredje foredraget (av Jacob Aars) diskuteres det hva en differensiert oppgavefordeling og således et differensiert kommunalsystem vil kunne innebære. Det blir skilt mellom ulike prinsipielle former for differensiering, og det blir gjort et poeng av at plassering av initiativretten spiller en viktig rolle: Er det staten som skal fordele oppgaver ulikt på ulike kommunetyper, skal initiativet primært være lokalt (i kommunen eller hos innbyggerne) eller kan det tenkes blandingsformer? Forholdet mellom eventuelle «A-kommuner» (stort oppgavefelt) og «B-kommuner» (lite oppgavefelt) blir problematisert. Det kan tenkes at tilværelsen som «B-kommune» kan virke forlokkende, ut fra en forestilling om at den kommunale friheten da blir større. Samtidig kan en slik tilværelse svekke kommunens legitimitet.

Summary

This Note describes three lectures by representatives of the Rokkan Centre. The lectures were commissioned by the Department of Local Government of the Ministry of Local Government and Regional Development, where they were also presented on Thursday 5 December 2002.

The first lecture (by Yngve Flo) distinguishes between a general purpose municipality and a system of such municipalities, and these two phenomena are discussed from a historic perspective. The presentation concludes by considering the ideal construction of postwar social democracy, *the executive local council*, in which a coordinating function is regarded as a central feature of the general purpose municipality.

The second lecture (by Anne Lise Fimreite) discusses recent developments in local government policy and presents a number of possible scenarios based on the assumption that Norway remains true to its general purpose municipality system. One of the main points made here is that in recent years the most important function of the general purpose municipality has consisted in what is best described as a negative freedom of action: it falls to the municipality to adapt the demands of local residents to a badly coordinated state system – demands which in sum overstretch the available resources and are hence unrealistic.

The third lecture (by Jacob Aars) discusses what a differentiated division of responsibilities, and hence a differentiated local government system, might entail. A distinction is drawn between fundamentally different forms of differentiation, and the point is made that the right to independent action is of crucial importance: Is it the role of the state to delegate responsibilities in unequal ways between non-equivalent types of municipality? Should initiatives be primarily local (within the municipality or among the residents) or can hybrid forms be imagined? The relation between possible «A authorities» (with large areas of responsibility) and «B authorities» (with small areas of responsibility) is critically examined. It might be imagined that the structure of the «B authority» would have strong appeal, since it ought to entail greater municipal freedom. Yet this kind of structure can also imply weaker legitimacy for the municipality.

Generalistkommunen i eit historisk perspektiv¹

Yngve Flo

Å skulle seie nokre ord om generalistkommunen i eit historisk perspektiv i løpet av ein dryg halv time, slik eg er beden om å gjere, er ei oppgåve som ein bør gå til med ein god porsjon ærefrykt. Grunnen til dette er i fyrste rekke at sjølve omgrepene «generalistkommune» er uklært. Det hadde sjølvsagt vore ein fordel om ein eller annan fagleg autoritet på førehand hadde gått inn og gjeve ein definisjon som på den eine sida var knivskarp, og på den andre sida var god og ålement akseptert. Men nokon slik definisjon eller slik læresetning om «generalistkommunen» finst ikkje, så eg lyt bruke litt tid til å diskutere kva slags fenomen vi faktisk har med å gjere. Dessutan er det slik at ei historisk framstilling av korleis generalistkommunen har vakse fram i prinsippet – sjølvsagt avhengig av kva definisjon vi vel å rette oss etter – nærmest femnar om heile den norske kommunalpolitiske historia. Det har difor vore ei utfordring å kome fram til eit skjønsamt utval frå over 150 års communalhistorie; opplysningar og analysar som kan hjelpe oss alle til å forstå kva generalistkommunen verkeleg er.

På førehand har vi i gruppa frå Rokkansenteret freista å drøfte oss fram til kva denne generalistkommunen er for noko, og eg har dessutan freista å gå til ulike kjelder der omgrepene vert brukta, og sjå kva førestellingar som ligg til grunn for denne bruken. Eg har etter kvart kome fram til at vi snakkar om to ulike, men nærskyldne fenomen: Vi har ein generalistkommune og eit generalistkommunesystem, og bæ desse fenomena har på eitt eller anna vis nær samanheng med oppgåve- og kompetansefordelinga i samfunnet. Eg trur at denne omgrepsforvirringa til ein viss grad gjer at vi snakkar forbi kvarandre, og eg skal difor gjere ein freistnad på å skilje mellom desse nemningane.

Generalistkommunen er slik eg oppfattar det eit omgrep som går på eigenskapar ved og rammevilkår for kvar einskild kommune; på korleis det kommunale styringsverket fungerer innan sine eigne grenser. Omgrepene kan omsetjast direkte til eit «ålement eller uavgrensa fellesskap», og dette gjev oss ein viss idé om kva det er snakk om: Sjølve breidda av funksjonar som er tillagt dette fellesskapet er ein viktig kvalitet ved denne kommunetypen, og eit hovudføremål ved at mange oppgåver og funksjonar vert samla i eitt organ er at kommunen skal kunne sjå samanhengar og kunne prioritere og samordne på ein langt betre måte enn kva som ville vere tilfelle med eit snevrare oppgåvefelt, eller når ansvaret for fellesskapsoppgåvene er splitta opp. At oppgåvene ligg til eit generalistorgan har mellom anna vore framheva som ein fordel ut frå effektivitetsomsyn.

¹ Foredraget byggjer for ein stor del på den komande doktorgradsavhandlinga mi, som tek føre seg bruken av desentralisering som styrings- og forvaltningspolitisk strategi etter ca. 1900.

Generalistkommunen i verkeleg streng forstand, som eit *uavgrensa fellesskap* har aldri eksistert. Den kommunale kompetansen har alltid vore avgrensa, noko eg skal kome attende til om litt. Det vil difor vere rimeleg at vi definerer generalistkommunen noko meir lausleg, som noko i retning av *ein kommune med eit vidt oppgåvefelt, og med evne og vilje til å sjá samanhengar og å prioritere*.

Generalistkommunesystemet er på den andre sida eit omgrep som tek utgangspunktet i heile kommunalsystemet, altså i alle landets kommunar som del av det nasjonale styringsverket. Eg har eit inntrykk av at dei fleste som nyttar omgrepet «generalistkommune» i røynda snakkar om det eg her kallar eit generalistkommunesystem. Dette er eit system som i fyrste rekke byggjer på at alle kommunar skal vere generalistkommunar, at dei skal kunne prioritere og samordne – og at det ligg ein spesiell verdi nettopp i dette, gjerne ein demokratiserings- eller effektiviseringsgevinst.

Men krava strekkjer seg utover dette: I eit generalistkommunesystem lyt det stillast visse krav til likskap eller aller helst *likeverd* kommunar imellom. Statlege krav og statlege styringsmetodar skal i prinsippet vere dei same, anten det gjeld store og slagkraftige kommunar, eller små og spinkle. Eit slikt system har ein viss aksept for variasjon til dømes når det gjeld tenesteproduksjon i dei ulike kommunane, men variasjonen lyt ikkje verte for stor. Ingen skal ha høve til å gå lågare enn eit statleg definert minimum; eit minimum som i moderne norsk samanheng lyt seiast å liggje høgt.

Prinsippet for dette systemet kan kanskje formulerast med utgangspunkt i ordtaket om at *ein kjede ikkje er sterkare enn det svakaste leddet*. Systemet er altså ikkje sterkare enn den svakaste kommunen. Vi kjenner hovudsakeleg generalistkommunesystemet som uttrykk for ei kommunalpolitisk hovudåre i etterkrigs-Noreg, for ambisjonane om at kommunane skal fungere som instrument for den universelle velferdsstaten.

Dette systemet er *for det første* skapt ut frå ein likskaps- eller rettviseideologi, og stiller store krav til utjamning – nettopp for å styrke dei svakaste kommunane, til å gjere dei svakaste ledda i den kommunale kjeda sterkare.

Systemet er *for det andre* uttrykk for ein ideologi som vurderer det nasjonale demokratiet som viktigare enn det lokale demokratiet, men som likevel ynskjer å halde fast ved prinsippet om at lekmenn skal vere med på å utøve politikk på lokalt plan.

Systemet er *for det tredje* vokse fram frå ei førestelling om at eit generalistkommunesystem er lettare å handtere frå statleg hald enn det som ofte vert halde fram som motsetnaden, og som spesielt Jacob Aars skal snakke om seinare i dag – nemleg eit meir differensiert system.

Generalistkommunesystemet, kan vi seie for å oppsummere, er uttrykk for eit ynske om å finne den rette balansen mellom skreddarsaum og konfeksjon – eit system som på den eine sida er fleksibelt og tilpassa lokale forhold både i små og store

einingar med høgst ulike føresetnader, og som på den andre sida er standardisert og gjev mest mogleg like føresetnader kringom i eit land som femnar om store ulikskapar.

Vi ser i dag at generalistkommunesystemet, som så lenge har hatt ein solid posisjon i norsk offentleg sektor, ikkje lenger er sjølvsgått. Når generalistkommunesystemet vert utfordra er det truleg ut frå tankegangen at innslaget av «konfeksjon» skapar problem på eitt eller anna vis, anten ved at kleda vert for tronge eller for vide. Systemet kjennest gjerne som ei tvangstrøye i delar av landet, og då truleg aller mest i større kommunar; ofte byar som har kapasitet til å gå nokre steg lengre enn dei andre. Systemet vert kanskje i endå større grad utfordra ovanfrå, frå ulike nasjonale aktørar som fryktar at det vert for rigid, og såleis for lite effektivt. Men mest av alt er vel generalistkommunesystemet under press av krefter som ikkje har noko medvite ynske om å kome det til livs, men som gjennom krav og forventningar i sum set systemet i fare.

Same kva som måtte vere drivkreftene eller dei djupare årsakene til at vi no byrjar å drøfte eit så grunnleggjande vilkår for norsk kommunalpolitikk, vil eg iallfall slå fast at det er spanande tider for alle oss som er interesserte i dei prinsipielle sidene ved den kommunalpolitiske debatten. Eitt viktig spørsmål vi lyt stille oss er om vi kan bryte med generalistkommunesystemet utan at vi samstundes bryt med dei verdiane som systemet er vokse fram frå. Nokre av desse viktige prinsipielle sidene ved dagens debatt vil verte nærmere drøfta av kollegaene mine i dei seinare innlegga. Sjølv skal eg bruke resten av tida mi til å gå tilbake i historia, og skissere nokre utviklingslinjer for generalistkommunen og for generalistkommunesystemet. Eg har nemleg tru på at det er avgjerande viktig å ha kunnskap om korleis dagens kommune er vorten til også for dei som skal stake ut vegen for morgondagens kommune.

Eit spadetak ned i kommunehistoria


Spørsmål knytt til kommunens karakter og prinsippa som ligg til grunn for kommunalsystemet har vore diskutert og endra i rykk og napp her i landet. Med ujamne mellomrom har det politiske Noreg teke dei grunnleggjande vilkåra for tilhøvet mellom stat og kommune opp til drøfting, til dømes i form av kommunelovdebattar, kommunestukturdebattar, oppgåvefordelingsdebattar og debattar knytt til kommunal økonomi og finansieringsordningar. Går vi til store prinsipielle reformer og reformframstøytar kan vi ofte avdekkje systematiske, ideologisk baserte skiljelinjer når det gjeld kommunesyn. Striden er aldri heilt den same; han varierer ut frå kva tidspunkt vi går inn på, både når det gjeld kva tema som er aktuelle eller kva grupperingar og interesser som står imot kvarandre. Likevel ser vi at nokre problem og konfliktliner er permanente, til dømes gjeld dette graden av integrasjon mellom stat og kommune.

Norsk kommunalpolitisk historie er kompleks, men vi skal freiste å avgrense oss til å søkje etter svaret på eit par grunnleggjande spørsmål: Har den norske kommunen alltid vore ein generalistkommune? Korleis vart generalistkommunesystemet til?

Når det gjeld det fyrste spørsmålet, vil eg svare ja – om enn ikkje noko vilkårlaust «ja». Vi har heilt sidan det kommunale sjølvstyret vart innført i 1837 hatt ein kommune som i prinsippet skulle vere eit lokalt, samordnande organ. Dette ser vi tydelegast gjennom den hybridforma som kommunen vart gjevne, som sjølvstyrt organ og som eit organ for staten, og den (iallfall teoretisk sett) store fridomen kommunen vart tillagt. At kommunen var sjølvstyrd, innebar at kommunen hadde initiativrett, og rett til å handle som politisk organ innan ein avgrensa, lokal sfære, og at kommunen gjennom skattleggingsrett kunne finansiere tiltaka sine. Nokre få år før år 1900 uttrykte juristen Torkel Aschehoug funksjonen om lag slik: *Grunntanken ved sjølvstyret er at alle kommunale avgjerder skulle avvege lokale behov og økonomisk evne* (Aschehoug 1897). I ettertid vart det kommunale sjølvstyret slik det fekk utvikle seg i Noreg omtala som *negativt avgrensa*: Kommunen skulle ha rett til å ta på seg alle oppgåver som ikkje var ulovlege eller lagt til eit anna organ.

At kommunen var eit forvaltningsorgan, innebar at han – så lenge det fanst lovgrunnlag for det – skulle kunne nyttast som ein reiskap av staten til å setje i verk visse oppgåver. Desse oppgåvene var relativt små frå starten, men kunne likevel vege tungt for kommunar med veikt ressursgrunnlag. Historikkarar som har vurdert den kommunalpolitiske utviklinga på 1800-talet er likevel samrøystes i dommen: Sjølvstyre-aspektet ved kommunen vart i praksis den viktigaste funksjonen (jf. Danielsen 1987, Hovland 1987). Ei svært enkel grafisk framstilling av kommunen slik han vart utforma av ut frå Formannskapslovene av 1837, og slik han vart i praksis, er presentert i modellen nedanfor. Pilene som er plassert inn på dei to modellane er meint å vere ein illustrasjon på kommunen som samordnande organ. Kommunen fungerte som eit generalistorgan nettopp ut frå at han skulle kunne sjå dei nasjonale, statlege pålegga i samanheng med lokalt initiert politikk.

Fig. 1: Den norske kommunen på 1800-talet: ideal og praksis:



Grenser for generalistkommunen

Den kanskje aller beste måten å forklare rammevilkåra for generalistkommunen på, er å systematisere kva grenser som fanst for at han skulle vere fullkommen. Den norske «sjølvstyrde» kommunen hadde allereie frå barndomen av visse band på seg, innsnevringar som gjorde at han ikkje fullt ut kunne fungere som eit ålement lokalt fellesskap. Eg har freista å summere desse i fem punkt:

1. Kommunen kunne ikkje utføre oppgåver i konkurranse med staten

Staten har i utgangspunktet makta over oppgåvefordelinga, og når staten løyser oppgåver gjennom eit eige lokalt eller regionalt apparat, er dette eit klårt signal om at sjølvstyreorgana skal «halde fingrane frå fatet». Visse samfunnsoppgåver som har hatt behov for eit distriktsapparat har heile tida vore på statlege hender (dette er toll og andre typiske kontrolloppgåver gode døme på). Gjennom nesten heile historia til det kommunale sjølvstyret har det likevel vore slik at staten gjennom eit eige apparat *ikke* har vore nokon seriøs konkurrent til kommunen. Grunnane til dette er mange. Mellom anna er det vel slik at staten sjølv aldri ville ha klart å lage ein så finmaska og fleksibel organisasjon som den kommunale i eit land som Noreg, med eit så lite folketal fordelt på så stor flatevidd. Eit anna ikkje uvesentleg moment er at mykje av arbeidet som kommunane har utført på vegner av staten ville ha hatt eit langt høgre kostnadsnivå om staten skulle utført det på eiga hand. Sjølvstyret er basert på «dugnad», på gratisarbeid. Dette er ein viktig grunn til at staten har gått vegen om kommunen når han ville ha noko gjennomført, og ikkje «gjorde det sjølv». I tillegg kjem alle delvis ideo-logisk baserte vurderingar knytt til føremonar ved kommunal oppgåveløysing.

Spesielt dei siste tiåra har vi likevel sett at staten i større og større grad ynskjer å vere direkte til stades i distrikta gjennom sitt eige forvalningsapparat. Den statlege

overtakinga av sjukehusdrifta kan kanskje sjåast som uttrykk for ei større haldningsendring; kanskje er staten i dag interessert i å løyse også tunge velferdsoppgåver lokalt og regionalt utan å gå «omvegen» om kommunane.

2. Kommunen skulle ikkje konkurrere med privat næringsverksemد

Historisk har grensegåinga mellom kommunen og den private sfæren vore meir kontroversiell enn grensegåinga i høve til staten. Dette gjeld både retten til å finansiere tiltak ved å hente innkome frå den private sfæren gjennom skatt, og retten til å setje i verk tiltak som det kunne tenkjast at private, kommeriselle aktørar sjølve ville ta på seg. På midten av 1800-talet vart slike spørsmål òg tekne inn for domstolane. I praksis var det i Noreg likevel stor politisk og juridisk vilje til å definere den kommunale fridomen på dette området vidt. Dette lyt vi sjå i samanheng med at kommunen tradisjonelt har vore rekna dels som ei forlenging av den private sfæren, som eit økonomisk «upolitisk» fellesskap av borgarar. Faktisk har det vore slik at mykje som ut frå liberalistiske vurderingar var utenkjeleg å gjennomføre i statleg regi var råd å få gjennomført i kommunal regi. Rolf Danielsen illustrerer dette poenget ved å vise til den «uforsonleg konservative» Marius Böckman, som gjennom det lokalpolitiske engasjementet sitt fortener å kallast den fremste skaparen av velferdssamfunnet i Trondheim (Danielsen 1986, jf. også Hovland 1987). I år 1900 kunne juristen Ulrik Krohn slå fast at det då var ålement akseptert at «*Omraadet for de kommunale Bevilgninger saavel med Hensyn til deres Art som til deres Udstrækning er saagodtsom ubegrænset*».²

Med demokratiseringa og styrkinga av kommunen som politisk fellesskap i ára etter 1900 vart det frå konservativt hald likevel monaleg mindre aksept for kommunen som økonomisk fellesskap. Ei viktig årsak til dette var at den kommunale ekspansjonen på dette tidspunktet hadde nådd høgder som skapte uro i visse krinsar. Frykta gjekk mellom anna på at sosialismen skulle kunne gjennomførast på lokalt nivå, og at den jamt over store respekten for kommunal handlefridom skulle misbrukast. Dette er ei viktig forklaring på at den kommunale skattefridomen vart monaleg redusert i 1911.

3. Kommunal makt var oppsplitta. Den lokalpolitiske samordninga var svak

Den kommunale handlekrafta og evna til å fungere som «generalist» var frå starten svekka ved at den lokale makta var oppsplitta. Det fanst kommunale oppgåver som låg utanfor rekkjevidda til dei «sentrale» kommunale organa, og som difor vanskeleg kunne samordnast med andre. Ulike former for særkommunar (til dømes organ med eit spesifikt ansvar for brannvernet i tettstadene), soknekommunar (positivt avgrensa underkommunale fellesskap på landsbygda) og den finanzielle oppsplittinga i fleire sjølvstendige «kasser» gjorde det vanskeleg å prioritere. Men i løpet av 1800-talet starta

² Bilag 1, s. 11 i Indstilling til Lov om det kommunale Selvstyre, vedlegg til Ot. prp. nr. 16, 1909.

det ein kommunaliseringsprosess, ei lokal maktsentrering kring høvesvis heradsstyret på bygdene og formannskapet i byane. Dette skjedde både på statleg og på lokalt initiativ (Hovland 1987). Kommunaliseringsprosessen vart fyrst slutført på 1900-talet, då soknekommunen forsvann (1950) og dei siste særkommunar vart oppheva. Før 1976 fungerte fylkeskommunen som ein «felleskommune» for kommunane i fylket. Det er truleg mest rimeleg å sjå denne «kommunetypen» som ei forlenging, og ikkje som ei innsnevring av generalistkommunen.

4. Svakt ressursgrunnlag gav ofte därleg hove til å fungere som generalist

Skal ein kunne prioritere og fordele er det ikkje nok med eit formelt spelrom. Opp gjennom den kommunale historia er det fyrst og fremst *ressurstilgangen* som har sett grenser for det kommunale engasjementet. Med eit skrint ressursgrunnlag er det naturleg nok mindre å samordne, og vanskelegare å sjå oppgåver i samanheng. Det har til alle tider vore store ulikskapar kommunar imellom når det gjeld ressurstilgang, og eg kan ikkje her gje meg ut på å skildre desse ulikskapane eller noko utviklingsline når det gjeld innsnevringar og utvidingar i ressursgrunnlag. Éin milepåle skal eg likevel nemne: Ved dei nye skattelovene av 1882 vart inntekt og formue gjort til dei viktigaste kommunale skattekjerna, og dette gjorde det langt lettare enn tidlegare å mobilisere skattepengar.

5. Motførestellingar mot kommunal ekspansjon

Formelle rammevilkår og tilstrekkeleg ressursgrunnlag var i seg sjølv ikkje tilstrekkeleg for at ein kommune skulle utnytte heile «generalistpotensialet» sitt. I tillegg laut det lokalpolitisk vilje til; vilje til å sjå samanhengar, vilje til å sjå lokale behov og vilje til å *handle*. Sverre Steen har sagt om ára etter at det kommunale sjølvstyret vart innført i 1837 at engasjementet og den politiske interessa ikkje fekk noko omgåande løft. Passivitet, sparsemd – ja beintfram *angst* for å overskride kompetansen er karakteristikk han meiner er treffande for å skildre kommunane i sjølvstyrets barndom (Steen 1968). Men i løpet av 1800-talet utvikla kommuneinstitusjonen seg til ei meir progressiv kraft, om enn med enorme variasjonar kommunane imellom, og med ei problematisk datering. Rolf Danielsen seier at gjennomslaget for det han kallar «den kommunale kollektivismen» skjedde ein gong på 1880-talet (Danielsen 1987). Nokre av røtene til velferdsstaten kan faktisk sporast attende til tiltak som vart sette i verk på lokalt initiativ i einskilde velferdskommunar (Grønlie 1987).

Dei lokale motførestellingane mot å utvide det kommunale oppgåvefeltet, anten desse var funderte i ideologiske vurderingar eller i meir snevre spareomsyn, synest i allfall å ha vore på retur på 1800-talet. Det skal likevel nemnast at det lenge, særleg frå konservativt hald, fanst ei haldning som gjekk ut på at dei vurderingane som vart gjort i kommunane ikkje skulle vere «politiske», dette av di «politikk» og særskild *partipolitikk* var utgiftsdrivande. Denne haldninga hadde nok sterkt fotfeste også i mange

einskildkommunar til langt inn i det 20. hundreåret, og dempa nok viljen til å utnytte det kommunale «generalistpotensialet».

Grenser for generalistkommunesystemet

No har eg snakka ein del om generalistkommunen, og ei høveleg oppsummering kan vel vere at generalistkommunepotensialet har vore der heile tida sidan 1837 – og sidan er dette potensialet dels blitt innsnevra, dels blitt utvida. Men langtidslinja når det gjeld praksis er likevel klar, iallfall om vi startar i 1837 og set sluttstrek ein gong opp mot våre dagar: Kommunane er vortne styrkte som lokale, samordnande organ.

Kva så med framveksten av *generalistkommunesystemet*? Om vi legg den definisjonen eg nemnde i innleiinga til grunn, må vi nok seie at generalistkommunesystemet er mykje yngre enn generalistkommunen. Årsaka er ganske enkelt at det tok lang tid før systemperspektivet på kommunane fekk gjennomslag her i landet. Om vi går inn i norsk kommunalpolitikk ein gong kring år 1900 og dei første åra etterpå, ser vi allfall at dette perspektivet er lite utvikla. Den kommuneideologiske kampen stod då mellom ulike alternativ som på kvar sine måtar ynskjer å styrke den kommunale autonomien i høve til staten.

Den statlege kommunalpolitikken var følgjeleg sterkt laissez faire-prega, noko som kan illustrerast på mange ulike måtar. Eit av dei mest talande døma er at kommunane sjølve i realiteten fekk styre si eiga inndeling, med ei sterk oppsplitting som følgje. I Sverige har det til samanlikning definitivt vore slik, heilt sidan kommunalforfatninga av 1862, at staten har hatt både formell og reell makt over kommuneinndelinga.

Den statlege laissez faire-haldninga til kommunane synte dessutan att gjennom den statlege approbasjons- og tilsynspraksisen. Staten blanda seg ikkje opp i dei kommunale økonomiske disposisjonane med unntak av heilt eksepsjonelle tilfelle. Til langt opp i mellomkrigstida var det også slik at fridomen til å organisere seg sjølv var definert som ein viktig del av det kommunale sjølvstyret. Staten laut difor vere tilbakehalden med å freiste å regulere det administrative apparatet og det politiske nemndstrukturen i kommunane.

Den statlege laissez faire-kommunalpolitikken grunnar hovudsakeleg i det som vi i dag kan vere freista til kalle eit veldig *patos* overfor det kommunale sjølvstyret. Eg skal ikkje gå noko inn på kva som er grunnane til at denne patosen vart så sterk og fekk ein slik tverrpolitisk oppslutnad. I vår samanheng er det viktige at respekten overfor det kommunale sjølvstyret var så stor at det i praksis forseinka utviklinga av eit systemperspektiv på dei norske kommunane, og såleis og utviklinga av generalistkommunesystemet. Også når det gjeld generalistkommunesystemet kan det vere

tenleg á ta utgangspunkt i kva hindringar som fanst for at systemet kunne verkeleggjera. Ein grovkorna gjennomgang av desse hindringane kan sjá slik ut:

1. Utan generalistkommunen, heller ikkje noko generalistkommunesystem

Eit generalistkommunesystem laut bygge på at kommunane kvar for seg kunne fungere som generalistkommunar. Dei fem punkta som ovanfor er nemnt som hinder for at kommunane kunne fungere som lokale, álmenne fellesskap vert logisk sett også hinder for at det kunne utviklast eit generalistkommunesystem.

2. Ideologiske motførestellingar

Dei ideologiske hindringane, alle dei komplekse verdisistema knytt til det kommunale sjølvstyret og til statleg måtehald overfor kommunane, er truleg det viktigaste einskild-hinderet for utviklinga av eit norsk generalistkommunesystem. Desse ideologiane forvitra langsamt, og vart fyrst for alvor utfordra når forstainga av det «urettvise» i dei store skilnadene kommunane imellom når det gjaldt ressursgrunnlag, skattetrykk, tenestetilbod m.m. fekk gjennomslag. Då er vi komne eit stykke inn på 1930-talet.

3. Dei strukturelle skilnadene kommunar imellom

At levevilkåra har vore høgst ulike kringom i landet er vel kjent stoff for forsamlinga, så dette treng eg vel ikkje utbrodere. Tek vi utgangspunkt i den kommunale kvardagen i Noreg til dømes ein gong i mellomkrigstida, kan vi ikkje anna enn å bli slått av kva for eit gigantisk prosjekt det eigentleg var å skulle uniformere dei norske kommunane, å jamne ut skilnadene mellom rike og fattige, mellom store og små – og såleis skape eit generalistkommunesystem

4. Skiljet mellom by og land

Det siste hinderet for eit generalistkommunesystem som eg vil nemne her, er eit skilje som vart slått fast gjennom Formannskapslovene, men som har røter langt attende i tid, nemleg skiljet mellom by- og landkommunar. På sett og vis kan vi nok seie at det norske kommunalsystemet var *differensiert* i utgangspunktet: Ein forventa at byane fungerte ut frå heilt andre logikkar enn bygdene. Difor vart det vedteke formannskaps-lover; ei lov for bygdene og ei for byane. Sjølv om lovene i nokså stor grad var skorne over ein leid, var om lag 1/8 av paragrafane i bylova særeigne for byane. Eitt viktig utslag av dette var at landsbygda var med i eit høgare fellesskap, amts-, seinare fylkes-kommunen, medan byane stod utanfor. Den ulike lovramma skapte òg ein ulikskap når det gjaldt demokratisering: Særleg av di byane hadde eit sterkare innslag av embetsmannsstyre enn bygdene, vert det gjerne hevdat demokratiet i Noreg – heilt ulikt andre land – raskare fekk fotfeste på landsbygda enn i byane. Det skal i denne samanhengen kort nemnast at vi fekk felles kommunelover for by og land fyrst i 1955, og at byane, då med Oslo som unntak, vart innlemma i fylkeskommunen i 1964.

Ambisjonar om å skape eit generalistkommunesystem

Når ein har eit systemperspektiv på kommunane, ynskjer ein på eitt eller anna vis å framheve det statlege ansvaret for og den statlege leiarskapen over kommunen. Ein kunne i prinsippet tenkje seg at ein kunne styrke systemperspektivet, men samstundes byggje på ein differensiert modell, med eit mangfald av kommunetypar. Men så vidt eg er i stand til å døme ut frå mitt innsyn i 100 års kommunalpolitisk debatt er kombinasjonen av systemperspektiv og ynske om ein differensiert modell næraast fråverande. I Noreg ligg generalistkommunen og generalistkommunesystemet tilsynelatande til grunn for alle seriøse freistnader som opp gjennom historia har vore gjort på å bygge ut og styrke kommune-Noreg som *system*.

Ein av dei fyrste verkelege freistnadene på å styrke generalistkommunesystemet ser eg i eit lovframlegg frå ein komité som vart sett ned i 1898, og som gjorde den aller fyrste framstøyten for å få til ein generell revisjon av kommunalforfatninga. Dette er eit uhyre interessant lovarbeid på mange måtar, men eg vil berre nemne eit par tre element som er spesielt relevante for oss: Lovkomiteen tok mellom anna til orde for at skiljet mellom by og land vart oppheva. Det skulle lagast ei felles kommunelov for by og land. Komiteen meinte at unødig særlovgjeving hadde ført til kunstige motsetnadsforhold, at det svekka interessa for felles samfunnsarbeid, og at det splitta kreftene. Komiteen tok dessutan til orde for at staten laut dempe oppsplittinga i småkommunar. Oppdelinga var mange stader sterkare enn «*den ønskelige Evne til at slutte sig sammen til Gjennemførelsen af Kommunernes vigtige Fællesinteresser, der selvfølgelig for sit Fremme kræver et vist Minimum af økonomisk Kraft og Bæreevne*»³ hevda komiteen – som elles var skeptisk til oppsplittinga av den kommunale makta til soknekommunar: Dette svekka både bereevna og handlingsevna. Det lyt elles nemnast at komiteen problematiserte den i samtida einsidige vekta på sjølvstyrefunksjonen ved kommunen, og at han på ulikt vis tok til orde for at forvaltningsfunksjonen ved kommunen vart styrkt.

Men tankane som vart lansert av denne Formandskabslovkomiteen hadde därleg grobotn. Ynsket om å få til felles lover for by og land vart mellom anna avviste med den grunngjevinga at det var uråd å få til gode felleslover – slike lover ville skape forvirring, og ville dels verte oppfatta som for romslege og lause av dei store byane, og for kravstore av dei minste herada.

Gjennomslag for generalistkommunesystemet

Eg har allereie nemnt at dei ideologiske motførestellingane mot eit generalistkommunesystem synest å ha forvittra ein gong ut på 1930-talet. Årsakene til dette kan vi spore i det som kan omtalast som ei ny forståing av krisa i communal sektor: Frå

³ Jf. § 4 i innstillinga, sitert etter s. 12f. i premissane. Innst. er vedlegg til Ot.prp. nr. 16, 1909.

1921?1922 vart ei lang rekkje av kommunar sett ut i eit økonomisk uføre, noko som hovudsakeleg skuldast ein uheldig kombinasjon av tunge investeringar i åra kring den fyrste verdskrigen, høg gjeld, sosial naud og ein statleg pengepolitikk som gjorde at gjelda vart ekstra tung å bere. Den økonomiske krisa vart i fyrste omgang sett i samband med lettsindig kommunal økonomistyring, og førte mellom anna til krav om langt sterkare statleg kontroll av kommunane.

Kring 1930 fekk det politiske livet ei forståing av at krisa hadde djupare, strukturelle årsaker: skeiv fordeling av ressursgrunnlag, store og heilt uakseptable ulikskapar i skattetrykk, og eit kommunalt tenestetilbod som varierte frå det heilt reinskorne, basale til det ambisiøse og ekspansive. Skulle ein kunne gjere noko med dette, laut staten kome på bana med ein meir aktiv communalpolitikk. Dei store ulikskapane vart oppfatta som *urettvise* – og dette var ei haldning som gjekk igjen i alle politiske leiarar, om enn i ulik grad. Men av ulike grunnar, mellom anna av di det var desse som sat med regjeringsmakta dei fem siste åra før den andre verdskrigen og nesten uavbroke 20 år etter krigen, er det Arbeidarpartiet vi lyt gå til når det gjeld å spore gjennomslaget for generalistkommunesystemet.

